



Vaktmeister Per Hjelmeland målar temperaturen i skulen i Uskedalen i fjor (Foto: Ola Matti Mathisen)

**Skulen i Uskedalen har no fått pålegg om å utbetra ventilasjonen eller å redusera antall personar i klasseromma Skårhaug, Halsatoppen, Gråfjell og Storhaug til 12, 6, 7 og 9. samtidig.**

**Reduksjonen må følgjast opp med nye inneklimatemålingar for å kontrollera om tiltaka har vore tilstrekkelege.**

**Pålegget går også ut på å utføra inneklimatemålingar i alle klasserom.**

**Frist for utbetring av ventilasjonen er sett til skulestart til hausten medan reduksjonen i klasseromma må skje innan 19. april**

Det er kommuneoverlegen ved miljøretta helsevern som med delegert myndigheit har kome med pålegga fordi oppvekstsenteret ikkje lenger tilfredsstillar krava til forskrift om miljøretta helsevern i barnehagar og skular. Det er heller ikkje rimeleg å anta at manglane kan bli retta innan kort tid med fortsatt godkjenning som vilkår. Dermed blir godkjenninga etter forskrifta oppheva.

Dei målingane som ligg til grunn for pålegga er utført av tekniske tenester i kommunen i oktober og desember og det vart målt CO<sub>2</sub> (karbondioksyd) , temperatur og relativ luftfuktigheit.

For å vurdera om CO<sub>2</sub>-konsentrasjonen kjem under norma ved

reduksjonen av talet på personar må det utførast nye målingar. Det må også luftast i kvart friminutt og elevane må forlata klasseromma i friminutta samt unngå doble undervisningstimar..

Av Ola Matti Mathisen



Elevane måtte ty til biblioteket sist vinter (Foto: Ola Matti Mathisen)